



Hordaland fylkeskommune  
v/Eigedomsavdelinga

Dato: 14.02.2018  
Vår ref.: 2017/2682-68  
Saksbehandlar: mernord  
Dykkar ref.:

## **Universell utforming av fylkeskommunale bygg. Orientering om byggeplanar, aktiv deltaking i byggeprosjekt, byggekomitear, osv. i fylkeskommunal regi.**

Fylkeseldrerådet er, som kjent, eit lovbestemt samarbeidsorgan for fylkeskommunen. Rådet ønskjer, for å sikra at det får til handsaming alle byggesaker som omfattar/gjeld eldre, betre samarbeid med HFK si Eigedomsavdeling.

Rådet ønskjer oversikt over fylkeskommunale nybygg, endringar, modernisering, utforming med tanke på tilkomst, funksjon, osv. Vidare ønskjer rådet å bli informert om planar for nybygg og endringar, og å få delta aktivt i byggekomitear, utval, prosjekt, etc. med tanke på eldre og fylkeskommunale byggprosjekt. .

Fylkeseldrerådet håpar Eigedomsavdelinga har forståing for Eldrerådet sine ønskje når det gjeld fylkeskommunale bygg, og håpar på eit positivt svar.

Med venleg helsing  
f. Fylkeseldrerådet

Gunda Falao Sparre  
Fung. leiar

Kopi: Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne (RMNF)

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*